

Innspel til detaljreguleringsplan på Tvildemoen

Voss Næringsrådet vil med dette kome med fylgjande merknader til forslag til detaljreguleringsplan (planID 2023001) på Tvildemoen som har vore ute på høyring:

- Voss Næringsråd understreker at det er viktig å få på plass ny brannstasjon og støtter iverksetjing av dette arbeidet.
- Voss Næringsråd stiller spørsmål til behovet for etablering av daglegvarehandel på Tvildemoen. Ein har i dag allereie godt utbygd daglegvaretilbod, både i sentrum, men òg i Skulestadmo og Palmafossen. Daglegvarebransjen er ein bransje som avhenger av volum for å skape lønnsemd. Dersom ein får fleire daglegvareutsal risikerer ein at dette går på bekostning av allereie etablerte verksemdar og at desse vert utkonkurrert.

Næringsrådet meiner ein ikkje bør tillate daglegvarehandel på Tvildemoen.

- Vidare vert det opna opp for café/servering på Tvildemoen, noko Næringsrådet meiner ein ikkje bør tillate.

Voss herad har i kommuneplanen sin arealdel for 2020-2032 vedteke å styrke sentrumskjernen. Sjølv om Tvildemoen er rekna som ein del av sentrumsområdet, så meiner Næringsrådet at detaljreguleringsplanen er i direkte strid med intensjonen bak kommuneplanen - som har vore at fleire skal bruke eksisterande sentrumskjerne. I tidlegare politiske prosessar har det vore brei samje om å styrke sentrumskjernen, fordi ein har frykta for at etablering av spredte handelssenter vil føre til «sentrumsdød».

Dei fleste caféar og serveringsstader slit i dag med å overleve ut frå eksisterande kundegrunnlag. Voss Næringsråd er difor bekymra for at konsekvensen ved å tillate café/serveringsstad på Tvildemoen medfører at allereie etablerte verksemdar i sentrum innan denne bransjen ikkje lenger har livets rett. Her meiner Næringsrådet at ein må ivareta dei allereie eksisterande verksemdene og sørgje for at dei har så gode konkurransevilkår som mogleg.

- Det vert i detaljreguleringsplanen for Tvildemoen lagt opp til å vente med å etablere ny kryssløysing mot Rv13, men heller prioritere gangveg under Rv13 og leggje til rette for auka trafikktryggleik for mjuke trafikantar i krysset. Voss Næringsråd meiner at ny rundkøyring ikkje kan vente.

Krysset ved Rv13 er allereie uoversikteleg, både for mjuke trafikantar, men òg for dei som ferdast med bil/andre køyretøy. Ein legg til grunn at belastning og ÅDT ikkje vil verte mindre med eit nytt bustadfelt og brannstasjon. I tillegg er det naturleg å tru at ein brannstasjon vil medføre eit anna køyremønster enn tidlegare, all den tid det er tale om utrykningskøyretøy. I forlegninga av dette reagerer ein på at ein brukar ÅDT tal frå 2012 og ikkje har oppdatert talmateriale. Det har skjedd ei betydeleg utvikling på Tvildemoen sidan 2012 og dette bør visast att i beslutningsgrunnlaget.

Voss Næringsråd stiller vidare spørsmål til korleis kommunen set rammevilkår i prosjekt kor dei sjølv er tiltakshavar, kontra dei krav kommunen stiller til private aktørar.

- Voss Næringsråd meiner at det bør på plass gangbru over Raundalselva og at dette bør inn som eit rekkjefølgjekrav tidlegare enn det som er lagt opp til i planen.
- I planen er det lagt opp til ei parkeringsdekning på 0,5 pr. eining. Dersom dette vert vedteke, så legg Næringsrådet til grunn at heradet godtek denne løysinga i alle prosjekt i heradet som kan vise til berekraftige løysingar.
- Det går fram av planen at det ikkje er lagt opp til at Voss herad pr. no skal vere utbyggjar. Voss Næringsråd stiller seg undrande til denne formuleringa og meiner heilt klart at heradet ikkje skal vere utbyggjar av bustadfeltet i eigen regi. Dette er i direkte konkurranse med lokalt næringsliv. Voss herad bør i slike saker kun stå for regulering og detaljregulering, slik at heradet har kontroll på kva området vert nytta til.

Privat næringsliv bør ha dei same rammevilkåra som det offentlege.

I det høve viser ein til ein byggebransje i kneståande og at heradet har eit ansvar for å bidra til at denne bransjen får auke sysselsetjing.

Avsluttande merknader:

Voss Næringsråd representerer heile næringslivet på Voss og rådet sitt på uvurderleg kompetanse innan ulike bransjar. Fleire av bransjane vert direkte berørt av utbyggingsplanane på Tvildemoen og frå rådet si side hadde det vore ynskjeleg å bli involvert i prosjektet i ein tidlegare fase. Voss Næringsråd oppmodar heradet i framtidige saker til å bruke Næringsrådet aktivt, til det beste for heradet og det lokale næringslivet.

Narve Gjeraldstveit (leiar)

Ståle Rørlien

Hedvig Røhnebæk

Kjetil Tverberg